




Trondheim, 10. oktober 2018

Til Noregs Vassdrags- og Energi Direktorat, Oslo

Høringsfråsegn – Nasjonal ramme for vindkraft på land

Ut frå ei samla vurdering vil Trøndelag bli svært dominert av vindindustri med dei anlegga som er i drift og under utbygging. Naturvernforbundet i Trøndelag ber derfor om at alle naturområde i Trøndelag blir ekskludert som område for vidare utbygging. Dersom ny vindkraft skal byggast i Trøndelag må dette skje i områder med allereie eksisterende infrastruktur.



Figur 1: Kartet illustrerer synligheten av vindkraftanlegg som er bygd og konsesjonsgitt i Trøndelag.

Landskapet og naturverdiane

Trøndelag er og vil bli dramatisk påverka av vindindustrien. Dersom dei som er gitt konsesjon og dei som er til behandling blir bygd, vil 385 km² av Trøndelag bli varig endra for all framtid. Det meste av dette arealet er inngrepsfritt kystlandskap. Anlegga i Roan og Storheia illustrerer kor dramatisk landskapet blir endra. Viktig beiteareal for reindriftsnæringa går tapt saman med sårbare og raudlista arter. I tillegg til arealet for vindindustrien vil nye kraftliner krevja areal og skape ny øydelegging miljø. Berre Storheia-utbygginga som legger beslag på 40 km² inngrepsfri villmark, vil det bli bygd nye vegar på i alt 60 km. Generelt står det i konsesjonsvilkåra at etter at halve konsesjonstida er gått, skal eigaren stille garanti for at turbinar blir demontert og område rydda og tilbakeført. Dette vilkåret er langt på veg utan meining fordi vegar med fjellskjeringar og fyllingar vil vera der i alle framtid.

I tillegg til anlegga som er i drift og under bygging er det 8 større prosjekt som er til behandling.

I konsesjonsvurderingane er miljø og nedbygd natur berre summarisk behandla. Det er derfor stort sett en bedriftsøkonomisk vurdering som ligger bak konsesjonsvurderingane. Naturvernforbundet krev at kostnadene ved øydelagd villmark og tap av biodiversitet tas med, og at prosjekta får en samfunnsøkonomisk vurdering. I St m. 25 (2015 – 2016) seier for eks.: *Dette bør i størst mulig grad skje i et kraftmarked der kraftproduksjon bygges ut etter samfunnsøkonomisk lønnsomhet.* I dei fleste saka som Naturvernforbundet har jobba med har også fagetater godt mot konsesjon, men ikkje vorte høyrd av OED og NVE.

Naturvernforbundet i Trøndelag krev at alle 1 km² ruter i kartet får ein indeks som viser om det er gjort inngrep i området frå før eller om området er fritt for inngrep.

Reindrift

Store deler av naturområda i Trøndelag brukast i dag av den samiske reindriften, ei tradisjonsrik naturbasert næring med klimavenleg kjøttproduksjon. Område kor reindriften blir påverka bør bli plassert i kategorien «harde eksklusjoner» og dermed ikkje være aktuell for vindkraft.

Kraftbalansen

Av dei 55 prosjekta som ligger på nettsida til NVE er det gitt konsesjon til 23 prosjekt. 3 av desse er i produksjon og 3 er under utbygging. Dersom alle prosjekta som er gitt konsesjon blir bygd ut, vil det i Trøndelag kunne bli produsert ca. 8 TWh vindkraft som ikkje er regulerbar i høve til forbruk. Dette vil få store konsekvensar for korleis vasskraftproduksjonen blir drifta. Vassdrag som Nea og Namsen vil få fleire og større variasjonar i vassføring som vil ha innverknad på naturen. Med dagens nivå er produksjonen av fornybar energi i Trøndelag om lag like stor som forbruket. Dette betyr at den produksjonen som er under bygging eller vil bli bygd ut ikkje er nødvendig for å dekke behovet i landsdelen, men vil gå til eksport.

Det er 32 saker i Trøndelag der berre 5 har fått avslag på søknad om konsesjon. 23 prosjekt er enten trekt tilbake eller lagt til kvile. Dersom NVE i rammeverket som vil bli laga opnar for desse ligg i område som ikkje blir ekskludert, kan vi frykte at sakene blir tatt opp på nytt.

Ut frå ei samla vurdering vil Trøndelag bli svært dominert av vindindustri med dei anlegga som er i drift og under bygging. Naturvernforbundet i Trøndelag ber derfor om at heile Trøndelag blir ekskludert som område for vidare utbygging.

Naturvernforbundet i Trøndelag ber og om at NVE i dette rammeverket må omtale dette som vindindustri og ikkje vindparkar, og at det er vindturbinar som blir plassert i områda og ikkje vindmøller.

Klimafaktor for vindkraft

Når ny vindkraft skal gje seg sjølv positiv omtale blir det skrive at produksjonen vil gje reduksjon av utslepp av fossil CO₂. Om dette vil skje er det særst vanskeleg å kontrollere. I eit år som har gått vil ein kanskje kunne berekne kor stor del av fossil energi som erstatta, men kva slag energi vindkrafta vil erstatte om 20 år er særst uviss. I tillegg vil ein vesentleg del av produksjonen gå til meirforbruk.

Det som er sikkert er at all utbygging av fornybar energiproduksjon også inneberer eit utslepp av fossil energi. Dette gjer at all energi får ein klimafaktor som er eit uttrykk for den klimabelastninga energien ber med seg. Dette er i stor grad eit tal som lar seg berekna og der ein tar omsyn til produksjon og levetid.

For at kunnskapen om energi og klimabelastning skal bli betre kjent, krev Naturvernforbundet i Trøndelag at:

NVE må i rammeverket gje eksempel på kor stor klimafaktor vindkraftproduksjon i Norge har. Det bør bli laga eksempel som kan illustrere både kupert kystlandskap og fjellområde i innlandet.

Følgjande punkt som viser utslepp av fossil CO₂ må med. Lista er ikkje uttømmende:

- Bygging av vegar med forbruk av diesel, betong, drenering og flytting av myr o.l.
- Utslepp frå drenert myr
- Produksjon og transport av turbinar og utstyr, både under bygging og drift.
- Forbruk av betong og andre materiale til fundament
- Produksjon av nye kraftliner.
- Tapt binding av CO₂ på grunn av at skog blir varig fjerna langs nye kraftliner
- Tilbakeføring/ nedrigging av anlegga

Tabell som viser punkta over må og vise korleis klimafaktoren både vil variere med levetid og produksjon.

Naturmangfaldlova om samla belastning

Vindkraft på land representerer vesentlege naturinngrep, slik at for å vurdere aktuelle område i ein rammeplan for vindkraft, må ein vurdere desse inngrepa opp mot naturmangfaldlova. Vi har allereie peika på at det allereie er bygget mykje vindkraft i Trøndelag, og at det er mange nye anlegg under utbygging. Vi meiner difor inngrepa i økosystema på grunn av vindkraft i Trøndelag er så store at heile Trøndelag bør bli unnateke frå ytterlegare utbygging i rammeplanen. Dette synet følgjer av naturmangfaldlova § 10. (økosystemtilnærming og samla belastning).

Naturmangfaldlova om alternativ teknikk og lokalisering

Vi vil vise til Naturmangfaldlova § 12.(miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder): «For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.»

Vi oppfattar det slik at målsettinga med ramme for vindkraft er å skaffe meir fornybar energi, slik at inngrepa som følgjer av ytterlegare utbygging av vindkraft må bli vurdert opp mot alternative metodar for å skaffe meir fornybar kraft. Ei slik utgreiing er spesielt viktig i Trøndelag, på grunn av dei store inngrepa som allereie er/kjem i Trøndelag på grunn av vindkraft.

Naturvernforbundet i Trøndelag krev difor at det må bli greia ut om potensialet for frigjering av fornybar energi i Trøndelag gjennom tiltak for energieffektivisering, og auka produksjon i gamle vasskraftverk gjennom effektivisering. I ei slik utgreiing må ein få fram potensialet for frigjort og ny kraft gjennom energieffektivisering og samtidig få fram kor stor redusert skade på naturmangfaldet ein får ved å satse på energieffektivisering i staden for ny vindkraft på land i Trøndelag.

For Naturvernforbundet i Trøndelag

Ellen Andersson

/s/

Leder, Naturvernforbundet i Nord-Trøndelag

Magne Vågsland

/s/

Leder, Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag